




Voss herad



HANDLINGSDDEL

TILTAK, REALISERING, ØKONOMI OG ANSVAR

VEDLEGG TIL DEMENSPLAN 2023 - 2030

Handlingsplan 2023 – 2026

gjev oversikt over dei tiltaka som skal prioriterast å arbeida med dei fire kommande åra.

Samla er det lagt opp til at 73 forskjellige tiltak skal realiserast i fyrste planbolken. Handlingsplanen skal oppdaterast årleg og tiltak med økonomisk konsekvens vil verta avspegla i økonomiplan og budsjettarbeid. Det skal utarbeidast måleindikatorar som kan nyttast til å vurdere måloppnåing i planperioden.

Handlingsplanen er vedlegg til Demensplan 2023 - 2030 og lyt sjåast i samanheng med denne.

Satsingsområde 1: Medbestemming og deltaking

Slik gjer me det i Voss herad:

I Voss herad skal demensomsorga vera personsentrert. Personar med demens og deira pårørande skal sikrast medbestemming og deltaking, slik at dei kan leva aktive og meningsfylte liv med fysisk, sosial og kulturell aktivitet som er tilpassa kvar enkelt si interesse, ynskjer og behov.

Satsingsområde 2: Førebygging og folkehelse

Slik gjer me det i Voss herad:

Voss herad skal arbeida systematisk for å førebyggja demens. Me skal leggja til rette for god folkehelse, auka aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap for å redusere einsemd i tråd med [Leve heile livet](#) og [Sammen om aktive liv](#). Heradet skal ha ei bevisst satsing på å nytta vossakultur og vossanatur som folkehelse. Velferdsteknologi skal satsast på for at personar med demens kan verta i stand til å bu lengre heima. Slik vil meistringskjensla verta styrka, livskvaliteten betra og innbyggjarar verta rusta til å møte kvardagen.

Satsingsområde 3: Gode og samanhengande tenester

Slik gjer me det i Voss herad:

I Voss herad skal me sikra at personar med demens og deira pårørande får gode og tilpassa tenester til rett tid. Innbyggjarane i Voss herad skal oppleve heilskaplege og samanhengande tenester for heimebuande innbyggjarar med demens og deira pårørande, heilt i frå startfasen og fram til differensiert behandlingstilbod i institusjon ved alvorleg grad av demens.

Satsingsområde 4: Planlegging, kompetanse og kunnskapsutvikling

Slik gjer me det i Voss herad:

I Voss herad har me kompetente medarbeidarar. Me skal satsa vidare på kompetanseheving og systematisk innføring av personsentrert omsorg og miljøbehandling for å bidra til eit meir demensvenleg samfunn og ein verdig alderdom for alle.

Tiltak, tidspunkt for realisering, økonomi og ansvar

Fargekodane i kolonna Økonomi (øk):

Eigne ressursar/ innafor budsjett	Auka interne ressursar/ budsjett	Større kostnader
-----------------------------------	----------------------------------	------------------

Tiltak	2023	2024	2025	2026	øk	Ansvar/ Andre/ merknad
SATSINGSOMRÅDE 1: MEDBESTEMMING OG DELTAKING						
Brukarmedverknad på individnivå 1. Gjennomføra førehandsamtaler og kartlegging av den sjuke si livshistorie 2. Tydeleggjera brukar og pårørande sitt handlingsrom for medverknad 3. Sørga for god og tilpassa informasjon til brukar i saksbehandling og vedtak om tenester 4. Sørga for at brukar- og pårørandekunnskap vert brukt som eit likeverdig kunnskapsområde i tenesteutvikling, gjennomføring og evaluering på system og tenestenivå. 5. Visa tydeleg brukar si stemme og perspektiv i saksutgreiing til vedtak om tenester.	x	x	x	x		Leiargruppa helse og omsorg Løpande arbeid
Brukarmedverknad på kollektivt nivå 6. Utarbeida ein modell for medverknad på kollektivt nivå 7. Halda fram med brukarråd på institusjonar 8. Tett samarbeid med eldreråd, MMNF, pensjonistlag, Demensforening 9. Årlege medverknadmøter for brukarar og pårørande 10. Brukar, pårørandeorganisasjonar og andre pasient- og brukarstemmer sørger for ei felles forståing av kvarandre sine roller og ansvar.	x	x	x	x		Stab helse og omsorg/HUK og andre Løpande arbeid
Utvida og styrka tenestetilbodet til personar med demens 11. Vidareføra VIPS på andre avdelingar i Voss herad 12. Utvida tilbod om brukarkurs med kognitiv stimuleringsterapi til to gonger årleg 13. Bidra til at personar med demens som har behov for fleire og koordinerte tenester, får tilbod om individuell plan og koordinator 14. Bidra til at personar med demens som har helse- og omsorgstenester får tilbod om tiltaksplan 15. Individuell og kollektiv gjennomføring av førebyggjande heimebesøk	x x x x	x x x x	x x x x	x x x x		Hukommelsesteam (HUK) VIPS på Voss sjukeheim, Granvin sjukeheim, Vossestrand omsorgstun og Vetleflaten omsorgssenter. Koordinerande eining/ kan krevja ekstra budsjett HUK Avd for forebygging og rehabilitering/ HUK Alle som fyller 80 år får tilbod om dette.

Tiltak for særlege sårbare grupper 16. Tolketenester 17. Fleirspråkleg kompetanse 18. Samarbeid med integreringstenesta 19. Norskopplæring til flyktningar 20. Tilretteleggja brukarskulen 21. Tilretteleggja for «Skeiv med demens» 22. Tilretteleggja for «Funksjonshemma med demens»		x	x	x		HUK/ I samarbeid med andre tenesteområde som integreringstenesta og avdeling for MMNF.
Utvida og styrka tenestetilbod til pårørnde 23. Tilbod til pårørnde om pårørndeskule to gonger årleg 24. Tilbod om samtalegrupper til pårørnde	x	x	x	x		HUK HUK
Fellessatsingar for personar med demens og deira pårørnde 25. Vidareføra satsingar på brukar- og pårørndeopplæring frå demensplan 2020 26. Gjennomføre brukarundersøking for bebuarar og pårørnde ved langtidsavdelingar sjukeheimar 27. Tilretteleggja bustader for at personar kan bu trygt heime lengst mogeleg	x	x	x	x		HUK Tiltak 25 krev auka budsjetttrammer
Styrkar samarbeid og samskaping på tvers i organisasjonen 28. Utarbeida samarbeidsrutiner og samskaping med andre tenesteområde i kommuneorganisasjonen 29. Implementera rutina «Demens i arbeidslivet» 30. Informasjon og tilrettelegging for arbeidsgjevar	x	x	x	x		HUK/ Stab helse og omsorg, støttetekontakttenesta, andre kommunalavdelingar bedriftshelsetenesta
SATSINGSOMRÅDE 2: FØREBYGGING OG FOLKEHELSE						
Arbeida systematisk for å vareta god ernæringsstatus hjå heimebuande og personar på institusjon 31. Ha kompetanse til, og rutinar for, å avdekka og fylgja opp utfordringar knytt til feil- og underernæring 32. Leggja til rette for trygge og gode måltid tilpassa kvar enkelt sine behov	x	x	x	x		Klinisk ernæringsfysiolog/ i samarbeid med leiargruppe helse og omsorg
Stimulera til utvikling av varierte og tilpassa aktivitetstilbod 33. Halda fram med og vidareutvikla eksisterande aktivitetstilbod for heimebuande og for bebuarar på institusjon. 34. Vidareutvikla samarbeidet med Voss Frivilligsentral og med frivillige lag og organisasjonar 35. Vidareutvikla samarbeidet med det lokale næringslivet, få oversikt over tilbod og tenester	x	x	x	x		HUK/ I samarbeid med stab helse og omsorg, støttetekontakttenesta, kulturavdelinga og Voss frivilligsentral

36. Utgreia og tilretteleggja dagsaktivitetstilbod for yngre personar med demens		x	x	x		Dagavdelingane/ HUK og støttekontakttenesta
37. Tilby og rettleia personar med demens og pårørande i korleis velferdsteknologi kan bidra til auka livsmeistring og helse.	x	x	x	x		HUK
Vurdera og utvikla tilbod saman med lokalt lagsliv og lokalt næringsliv	x	x	x	x		HUK/ stab helse og omsorg, Voss demensforening, Røde kors, Voss frivilligsentral, anna lagsliv og næringsliv
38. Demenskor						
39. Handletaxi						
40. Inngå samarbeid med lokalt næringsliv om «demensvenleg serviceliv»						
41. Vurdera behov for «Fortsatt aktiv treningsgruppe»						
42. Sausehage for heildagsomsorg			x			HUK/ samarbeid med Voss demensforening
NAKuHel aktivitetar – Natur og kultur som folkehelse		x	x	x		Kultur og fritid/ I samarbeid med HUK og lokalt lagsliv
43. Demenscafé på biblioteket						
44. Turgrupper						
45. Kunst- og kulturaktivitetar						
Arrangera kampanjar og aksjonar for å fremja eit demensvenleg samfunn	x	x	x	x		HUK/ stab helse og omsorg/ andre kommunalavdelingar, Nasjonalforeininga for folkehelse, Voss demensforening, lokalt lagsliv og næringsliv, I samband med Vossadagen
46. «Demensaksjonen»						
47. Gjennomføre kampanjen <i>Planlegg litt</i>						
48. Gjennomføre kampanjen <i>Demensvenlege samfunn</i>						
SATSINGSOMRÅDE 3: GODE OG SAMANHENGANDE TENESTER						
Styrka arbeidet med diagnose og oppfølging	x	x	x	x		HUK/ I samarbeid med fastlege og USHT (Utviklingssenter for sykehjem og hjemmejenester)
49. Vidareføra og styrke arbeidet med diagnose til rett tid og systematisk oppfølging etter diagnose						
50. Faste årlege møter med fastlege og sjukehus						
Utvida tenestetilbod i behandlinga	x	x	x	x		HUK
51. Vidareføra eigne samtalegrupper med kognitiv stimulerande terapi for personar med demens						
52. Auka bruk av hensiktsmessig velferdsteknologi						Hjelpemiddellager/ DIGI Helse, E-helse Vestland Ny teknologi krev auka budsjettammer
Nye omsorgsplassar			x	x		Bustad integrert i fellesskap med andre (jmf. bustadsosial handlingsplan Områdeleiarane/ avdelingsleiarar på institusjon
53. Bidra til bygging av demensvenlege omsorgsplassar gjennom investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar						
54. Kartlegge og vurdere behov for forsterka skjerna eining		x				
Satsa på informasjon	x	x	x	x		HUK/ I samarbeid med stab h&o og kommunikasjon
55. Ha god og nyttig informasjon på Voss herad si heimeside						
56. Oppdatera informasjonsbrosjyrer						
SATSINGSOMRÅDE 4: PLANLEGGING, KOMPETANSE OG KUNNSKAPSUTVIKLING						

Nye nettverk						
57. Inngå samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelse	X					HUK/ helse og omsorg
58. Inngå samarbeidsavtale med Verdigehetscenteret	X					
59. Delta på Hukommelsesteamkonferanse	x	X	X	X		
60. Delta på «Aldring i Norge dagene» (tidligere Demensdagane)	x	x	x	x		
Kunnskapsheving – kurs for tilsette i helse og omsorg:	X	x	x	x		Helse og omsorg/ HUK I samarbeid med USHT og Verdigehetscenteret
61. Styrka kompetanse på personsentrert omsorg (VIPS – modellen)						
62. Vidareføra Demensomsorgens ABC						
63. Vidareføra Musikkomsorgens ABC						
64. Velferdsteknologiens ABC						
65. Nytt e-læring i demens						
66. Auka satsing på internopplæring i institusjon						
67. Opplæring i regi av Hukommelsesteamet						
Kompetanseheving – for tilsette i Hukommelsesteamet	x	x	x	x		HUK/ I tråd med reforma «bo trygt hjemme» og i samarbeid med Verdigehetscenteret
68. Olaskolen/ Olaviken konferanse						
69. Serifisering testbatteri MoCCa						
70. USN Demensvennlige fysiske omgivelser						
71. Palliativ eldreomsorg						
72. Leggja til rette for videreutdanning i demens; fagskule og høgskule	x	x	x	x		Stab/ helse og omsorg (Krev tilskot)
73. Studietur til Danmark før rullering av plan				x		HUK/ politisk nivå og lagsliv?